



* Hanne Brunvoll med hesten Liaguten og Randi Maud Mork med Bakkens Odin. Begge er medlemmar i Volda rideklubb.



* Randi Maud Mork fekk ein andre plass og ein tredje plass med hesten Bakkens Odin i klasse Lett A.

Lokale ryttarar tok flest topp-plasseringar

Trass i därleg vær var det 40 startar på distriktsstemne i dressur på Vollane ridebane laurdag og søndag. Ryttarane frå Volda gjorde det godt.

Distriktsstemne i dressur arrangerer Volda rideklubb to gonger i året. Arrangementet var opent for alle i heile landet, men deltagarane kom berre frå Møre og Romsdal.

Frå Møre og Romsdal

Oppmøtet var godt sjølv om det bøtta ned med regn. Deltakarane kom frå Sykkylven Rideklubb, Nordvest Hestesportklubb, Stranda Ride- og køyrekklubb og Kristiansund og Frei Hestesportsklubb.

Dommar var Marita Melheim. Ho har godkjennung for å dømme opp til klasse Lett A. Ida Sofie Malo hadde speakerjobben. Ho studerer i Volda og er ein del av Volda rideklubb, men er opphavleg frå Molde.

Jobben i sekretariatet delte medlemmane på. Det var også mogleg å kjøpe seg smørbrød, kaker, vaflar og pølse med brød under arrangementet. Stemnet gjekk over to dagar.

Volda rideklubb har om lag 80 medlemmer. Halvparten av desse er juniormedlemmer.

Gode resultat

Dei lokale ryttarane fekk gode plasseringar. Randi Maud Mork fekk ein andre og tredje plass i Lett A med hesten Bakkens Odin. Liv Jorunn Nyhagen fekk to førsteplassar og ein andre plass med Birkeholms Thoke Patsijon, også i Lett A. Det var Liv Jorunn som gjorde det best av dei lokale ryttarane.

- Eg er veldig fornøgd, seier



ho. Liv Jorunn var også glad for at så mange kom trass dei därlege værmeldingane.

Hanne Brunvoll tok to fjerddeplassar med Liaguten i Lett A. Karin Hurlen Vatnehol og hesten Linndi Nordgard fekk 4.-plass i klasse Lett C. Anna Marie Wangen Mork fekk to førsteslassar med hesten Årheims Sonja i klasse Lett C.

* Liv Jorunn Nyhagen fekk to førsteslassar og ein andre plass med hesten Birkeholms Thoke Patsijon i klasse Lett A.

- Det er veldig gøy å møte venner, fortel ho.

- Korleis er konkurranseånda?

- Vi er eigentleg mest glade når andre gjer det bra. Vi konkurrerer mest med oss sjølve, seier Randi.

Hanne Brunvoll bur på Vatne i Haram, men er medlem i Volda rideklubb. Ho har ridd aktivt i berre tre år. Nyleg vart ho ferdig med to år på hestelina ved folkehøgskulen på Nordfjordeid.

- Eg synest dette er ein veldig sosial idrett. Vi møter dei same folka på stemne og blir godt kjende. I tillegg held ein seg i fysisk aktivitet, fortel Hanne.



Sosial idrett

På laurdag etter første konkurransedag fekk vi oss ein liten prat med to av dei unge og aktive medlemmene i klubben. Randi fekk gode plasseringar, men var likevel ikkje meir enn middels fornøgd.

- Det gjekk heilt greitt, men hesten var ikkje heilt med i dag, seier ho ørleg.

Ho syntest likevel at det var eit kjekt stemne.

* Dommar Marita Melheim, speaker Ida Sofie Malo og skrivar Rakel Skram Aasen gjer klar til prisutdeling.

INGVILD RUNDE